

Saksbehandlar: Audhild Schaathun
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 13/7259-2

Omstillingsstatus og omstillingsløyving 2014

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 2 350 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. 450 000 kr av løyvinga er avhengig av at auken på 150 000 kr i det lokale finansieringsbidraget kjem på plass. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad** kommune ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2013- løyvinga vert godkjent overført til bruk i 2014.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune omstillingsstatus for åra 2014 og 2015. Omstillingsarbeidet skjer i eit samarbeid med Årdal kommune.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal** kommune ei løyving på inntil 3 440 000 kr til omstillingsarbeidet i 2014. Unytta omstillingsmidlar frå 2012- og 2013- løyvingane vert godkjent overført til bruk i 2014.
6. Midlane i punkt 1,3 og 5 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar i 2014 og restmidlar omstilling frå 2013.
7. Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2.
8. Vilkår for omstillingsløyvinga
 - Det skal leggast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarsprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningsliner om offentleg støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

Vedlegg:

Søknader frå kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal
Søknad frå Årdal kommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Retningsliner for omstillingsarbeidet

SAKSFRAMSTILLING

1. SAMANDRAG

Kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal i samarbeid med Årdal har omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Askvoll har omstillingsstatus ut 2014. Hyllestad og Lærdal hadde slik status ut 2013, og søker no om ytterlegare to år.

Det vert arbeidd godt og målretta med omstillingsarbeidet i alle områda.

Fylkesdirektøren rår til at Hyllestad og Lærdal får forlenga omstillingsstatus for åra 2014 og 2015, og at kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal får omstillingsløyvingar til gjennomføring av tiltak i samsvar med handlingsplanane for 2014.

2. BAKGRUNN

2.1. Ekstraordinære omstillingsutfordringar, omstillingsstatus og økonomiske rammer

Etter oppmoding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sender fylkeskommunen kvart år inn eit oversyn over dei omstillingsutfordringane vi ser i kommunar og næringsliv i fylket. Med dette som bakgrunn tildeler KMD skjønsmidlar til omstillingsføremål i Sogn og Fjordane.

For 2014 har vi meldt inn følgjande omstillingsområde:

Askvoll kommune
Hyllestad kommune
Lærdal kommune i samarbeid med Årdal

Sogn og Fjordane fekk i Statsbudsjettet tildelt 10 mill kr i skjønsmidlar til omstillingsføremål i 2014. Midlane er ikkje øymerka, og kan omprioriterast til andre føremål. Grunna ein monaleg reduksjon i den totale ramma til regionale utviklingstiltak (kap 551 post 60), vart det ein reduksjon i ramma til omstillingsføremål i fylkeskommunen sitt budsjett for 2014. Der vart det sett av 7, 057 mill kr til omstillingsføremål i 2014. I tillegg er det overført 1,740 mill kr frå unyttta omstillingsmidlar i 2013. Totalramma for 2014 er såleis på 8,797 mill kr.

Askvoll kommune var ved utgangen av 2013 ferdig med sine tre første omstillingsår. Hyllestad kommune var ved utgangen av året ferdig med det fjerde omstillingsåret, og søker no om forlenga omstillingsstatus i ytterlegare to år (2014 og 2015), som blir dei to siste i eit omstillingsløp på 6 år. Lærdal, som fekk omstillingsstatus hausten 2012, søker om forlenga omstillingsstatus for ytterlegare to år (2014 og 2015).

2.2. Retningsliner for omstillingsarbeidet

Fylkeskommunen har laga retningsliner for omstillingsarbeidet. Omstillingsstatus kan bli gjeve til område som har hatt eller har utsikter til store tap av arbeidsplassar i næringar som er avgjerande for den økonomiske utviklinga i området. Aktuelle er òg område med særskilde og langsiktige problem i samband med omstrukturering i næringslivet. I ei totalvurdering av situasjonen i området kan det leggjast vekt på demografisk utvikling, reduksjon i den indirekte sysselsettinga, arbeidsløyse og situasjonen i heile arbeidsmarknadsregionen. Det blir teke omsyn til utviklinga dei siste tre åra og til pårekna nedgang i sysselsetting framover.

2.3. Løyvingar siste åra

Omstillingsløyvinga 2013 vart fordelt slik:

Kommune	Løyving
Askvoll	kr 1 560 000
Hyllestad	kr 3 000 000
Lærdal	kr 3 500 000
Sum	kr 8 060 000

Samla ordinære omstillingsmidlar 2004 - 2013

	Ordinær løyving	Ekstraord. løyving	”Tiltakspakken”; tilsegn til lokal disp. i omstillingsorg”
Årdal(04-07)	2 600 000	1.000.000	6.000.000
Høyanger	11 700 000	1.000.000	9.250.000
Flora	18 300 000	2.000.000	
Vågsøy	16 055 500		
Selje	2 800 000		
Askvoll	5 210 000		
Hyllestad	10 100 000		
Stryn	1 200 000		
Lærdal/Årdal	5 500 000		
Sum:	73 465 500	4.000.000	15.250.000

- Øvrige disponeringar av midlar frå ”Tiltakspakken” (samla kr 100 mill.) vert ikkje gjort greie for her. Dette var ei direkteløyving over Statsbudsjettet til Årdal (70 mill.) og Høyanger (30 mill.). Heller ikkje ekstraløyvinga på kr 30 mill. til Høyanger over Statsbudsjettet 09 i samband med Fundo-konkursen er med i desse tala.
- Selje, Vågsøy, Askvoll og Hyllestad har i tillegg fått tildelt midlar til kommunale næringsfond som har inngått i omstillingsarbeidet
- I løyvinga til Flora kommune er det inkludert årleg kr 500 000 til Flora Næringshage i åra 2004 – 2007(samla kr 2 000 000)

3. SØKNADER FRÅ OMSTILLINGSOMRÅDA OG FRÅSEGNAR FRÅ INNOVASJON NORGE

3.1. Askvoll

Folketalsutvikling og sysselsetting

I perioden 1.1. 2001 – 1.1 2010 gjekk folketalet i kommunen ned frå 3379 til 2999, dvs. ein nedgang på 11, 25 prosent. Etter 2010 har folketalet stabilisert seg. Frå 3. kvartal 2011 (første omstillingsår) til 3. kvartal 2013 har det vore ein auke på totalt 16 personar. Folketalsutviklinga er langt betre enn SSB sine prognosar for folketalsutvikling, med + 190 i høve til prognosane for 2010 og + 84 i høve til prognosane for 2012. Det er verdt å merke seg at det i aldersgruppa 1- 5 år har vore ein auke på 6,8 prosent frå 2010 til 2012. Tala er henta frå notat frå NAV januar 2014 og « folketals- og arbeidsplassutvikling SSB» som ligg ved søknaden frå Askvoll kommune.

Utviklinga elles:

- Nedgang i sysselsettinga
- Auke i arbeidsløysa i andre halvår 2013 i høve til same tidsrom 2012

Askvoll er blant dei kommunane som kjem dårlegast ut når ein ser utviklinga i folketal, sysselsetting og arbeidsløyse i samanheng over ein ti-årsperiode. Askvoll har utfordringar når det gjeld folketal og tap av arbeidsplassar.

Søknaden frå kommunen

Askvoll kommune søker om eit tilskot på kr 2 350 000 til gjennomføring av handlingsplanen 2014. Vidare søker kommunen om å få overført unyttta midlar frå 2013-løyvinga til same formål.

Status i omstillingsarbeidet

Den eksterne programstatusvurderinga frå november 2013 viser at omstillingsarbeidet i Askvoll er i godt gjenge. Det er forbetringar på både prosess- og resultatindikatorane i høve til året før. Omstillingsorganisasjonen er styrka med ein person. Administrasjonen arbeider planmessig og proaktivt. Oppgåver og mål er konkretiserte. Omstillingsprogrammet har god framdrift sjølv om nokre oppgåver er skyvd i tid. I det vidare omstillingsløpet bør næringslivet i kommunen engasjere seg sterkare i omstillingsprosessane.

Handlingsplan 2014

Målsettinga for omstillingsarbeidet i åra 2013-2016 er at utviklingsarbeidet i Askvoll kommune skal bidra til:

- Etablering av 30 nye arbeidsplassar
- Tilflytting av 60 personar

Askvoll har periodiserte måltal for heile perioden.

A. Robust arbeidsplassvekst	B. Tilflytting
<p>Med vekt på</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nyskaping og nyetablering Mål 2014: 2 nye arbeidsplassar innafor SMB-bedrifter 2 nye arbeidsplassar innafor gründersatsingar • Satsing på næringsklynger Mål 2014: 1 næringsklynge 	<p>Med vekt på</p> <ul style="list-style-type: none"> • Målretta rekruttering i aldersgruppa 20-40 år Mål 2014: 2 gründertilflyttarar 5 tilbakeflyttarar 5 tilflyttarar
<p><u>Prosjekteigarar og/eller ansvarlege for gjennomføring:</u></p> <p>Askvoll kommune v/omstillingsorganisasjonen Askvoll Næringsutvikling (ANU) Helle Fabrikker</p>	<p><u>Prosjekteigarar og/eller ansvarlege for gjennomføring:</u></p> <p>Askvoll kommune v/omstillingsorganisasjonen Askvoll kommune Askvoll næringsutvikling (ANU) Askvoll Sentrumsgruppe</p>
<p>Prosjekt 2014</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nettverksbygging i sjømatnæringane lokalt • Eit nytt haveventyr! – vekst i marin næring • Besøksnæringar – utvida tilbod av kommersielle reiselivsprodukt • Utvikle A/S Helle Fabrikker som besøksbedrift(EHRI lokalt) • Gründersatsing/Gründernetterk/ Kompetanseheving/kontorfellesskap • Kurs/seminar/inspirasjonsdagar • Kompetanseheving/kompetansebygging i næringslivet 	<p>Prosjekt 2014</p> <ul style="list-style-type: none"> • Profilerings og omdømmebygging • Kartlegging av bustader og næringsbygg • Rekruttering • Plan for parkområdet v/Essomarka • Miløskapande tiltak i sentrum • Pendlarrute Askvoll-Florø, kartlegge potensiell effekt på befolknings- og næringsutvikling i Askvoll

I tillegg til innsatsen i område A og B er Omstillingsorganisasjonen pådrivar for meir næringsvenleg kommune og gode kommunikasjonar.

Kostnader og finansieringsplan 2014Kostnader

Robust arbeidsplassvekst	kr 1 816 500
Tilflytting	kr 687 500
Næringvennlig kommune	kr 200 000
<u>Omstillingsorganisasjonen, administrasjon og styrearbeid</u>	<u>kr 1 460 000</u>
<u>Sum</u>	<u>kr 4 164 000</u>

Posten "søkbare bedriftsutviklingsmidlar" under satsingsområdet Robust arbeidsplassvekst er auka med kr 169 000 til kr 469 000 etter opplysningar i e-post dagsett 20.januar 2014.

Finansiering

Askvoll kommune	kr 544 000
Flora kommune	kr 25 000
<u>Næringslivet sitt bidrag frie,søkbare midlar</u>	<u>kr 215 000</u>
Totalt budsjettert lokal finansiering	kr 784 000
Det vert søkt fylkeskommunen om	kr 2 350 000
Det vert søkt Innovasjon Norge om	kr 155 000
<u>Næringslivsbidrag enkeltprosjekt/eige prosjekt</u>	<u>kr 430 000</u>
Totalbudsjett «nye» pengar/2014 løyvingar	kr 3719 000

Frå 2013-budsjettet vert det søkt Askvoll kommune og Sogn og Fjordanefylkeskommune om overføring til 2014-prosjekt med totalt

	<u>kr 445 000</u>
<u>Sum finansiering</u>	<u>kr 4 164 000</u>

Oversynet byggjer på opplysningar i handlingsplanen og seinare endringar i e-post dagsett 20.janar 2014. Kr 150 000 av næringslivsbidrag frie midlar er ikkje stadfesta. Det vert arbeid vidare med å få på plass denne finansieringa.

Fråsegn frå Innovasjon Norge

Innovasjon Norge (IN) skal gjere ei vurderinga av søknadene frå omstillingskommunane om omstillingsmidlar for 2014. Grunnlaget for IN si vurdering er basert på IN si rolle som observatør i styret slik denne rolla er definert av fylkeskommunen og i handlingsplanen for omstillingsprogrammet.

Om Askvoll kommune skriv Innovasjons Norge følgjande:

«Askvoll har dei same utfordringane som andre utkantkommunar med omstillingsstatus. Det har vore ein kraftig nedgang i folketalet over ein lengre periode, men dei 4 siste åra har folketalet stabilisert seg og auka litt. Men aldersgruppa 20-44 år går fortsatt nedover. Den positive folketalsutviklinga skuldast difor god tilflytting. Næringslivet i Askvoll har også store utfordringar. Lønnsemda og veksten er svak og talet på arbeidsplassar i kommunen er synkande sjølv om tal nyetableringar har betra seg dei siste åra.

Omstillingsprogrammet byggjer på ein utviklingsplan for åra 2013 til 2016 som har to innsatsområde:

- Robust arbeidsplassvekst
- Tilflytting

Programmet har som mål å skape 30 nye arbeidsplassar, tilflytting av 60 personar, stabilisere folketalet på over 3000 og auke innbyggartalet med personar i "produktiv" alder.

Handlingsplanen for 2014 har relevante prosjekt i begge satsingsområda som er godt tilpassa Askvoll sine utfordringar. Ein god gjennomføring av dei enkelte prosjekta vil legge eit godt grunnlag for at ein vil lukkast med å nå dei langsiktige måla. Handlingsplanens kapitalbehov er nøkternt og realistisk budsjettert.

Omstillingsorganisasjonen er styrka med ein person. Administrasjonen arbeider planmessig og proaktivt og har konkretisert sine oppgåver og mål. Omstillingsprogrammet har god framdrift sjølv om nokre oppgåver er forskjøve i tid. Næringslivet i kommunen bør likevel engasjere sterkare i omstillingsprosessane.

Effekten av omstillingsarbeidet kjem erfaringsmessig først fjerde året, som for dette programmet er 2014. Men kommunen kan vise til gode resultat når det gjeld tilflytting og stabilisering av folketalet på over 3000. Målet om auka tal arbeidsplassar og fleire innbyggjarar i «produktiv» alder har ein lengre vei å gå. Men IN meiner dette er realistiske mål i løpet av omstillingsperioden i forhold til den innsatsen og ressursane som vert sett inn i programmet.

Konklusjon

Med bakgrunn av desse vurderingane rår Innovasjon Norge til at det vert løyvd midlar som omsøkt til å vidareføre omstillingsarbeidet.»

3.2. Hyllestad

Folketalsutvikling og sysselsetting

Frå 3. kvartal 2011 til 3. kvartal i 2013 er nedgangen i folketaket i Hyllestad 77 personar. Nedgangen frå 3. kvartal 2012 til 3. kvartal 2013 er 29 personar. Hyllestad er også blant dei kommunane i fylket som har størst nedgang i aldersgruppa 16-66 år, ein nedgang på 47 frå 2011 til 2013. Nedgangen skuldast i hovudsak utflytting.

Utviklinga elles:

- Auke i sysselsettinga (ein auke på 47 frå 2011 til 2012)
- Nedgang i tal heilt arbeidsledige

Søknaden frå kommunen

Hyllestad kommune søker om omstillingsstatus for 2014 og 2015 og eit tilskot på 3 mill kr til gjennomføring av «Handlingsplan for næringsarbeid 2014». Vidare søker kommunen om å få overført udisponerte midlar frå 2013-løyvinga til bruk i 2014.

Status i omstillingsarbeidet

Den eksterne programstatusvurderinga frå november 2013 viser at omstillingsarbeidet i Hyllestad er i svært godt gjenge. Det er forbetningar i dei fleste indikatorar i høve til året før. Det vert arbeidd målretta og proaktivt. Når det gjeld informasjonsarbeid og måten dette vert gjort på, er omstillingsorganisasjonen i Hyllestad den fremste av omstillingsområda i landet. Den største utfordringa til Hyllestad er framleis nedgang i folketalet og svært få arbeidsplassar i privat sektor utanom Havyard Ship Technology. Det vert arbeidd med fleire prosjekt som kan resultere i etablering av fleire arbeidsplassar, mellom anna på området til Hyllestad Utviklingspark. Av nyetableringar i 2013 er Multivolt AS med sine 7 tilsette eit verdfullt arbeidsplassstilskot for kommunen.

Handlingsplan 2014

Handlingsplanen for 2014 har slike overordna målsettingar, innsatsområde og prosjekt:

Hyllestad - Overordna målsetjingar 2014	
Meir robust næringsstruktur	Attraktiv kommune

<u>Mål:</u> Minst 10 nyregistrerte bedrifter, og ei auke med 5 på bedrifter med tilsette. 4 nye bedrifter med meir enn 5 tilsette.	<u>Mål:</u> 15 fødslar, 0 i nettutvikling i innbyggjartal totalt, 0 i nettutvikling i aldersgruppa 20—39 år.
<u>Ansvarleg for gjennomføring:</u> Hyllestad Utviklingspark AS Hyllestad Næringsråd Havyard Ship Technology	<u>Ansvarleg for gjennomføring:</u> Hyllestad kommune Grendalagsforum Hyllestad Ungdomsråd
<u>Prosjekt i 2014:</u> P2: Hyllestad Utviklingspark P10: Felles utviklingsapparat P24: Rekrutteringsstrategi P26: Reislivsutvikling P30: Kompetanseheving P31: Entreprenørskap	<u>Prosjekt i 2014:</u> P11: Omdøme P18: Næringsvennleg kommune P21: Hyllestad sentrum P22: Busetnad og trivsel P25: Samfunnsentreprenørskap

Kostnader og finansieringsplan 2014

4.1 Budsjett 2014	
P2 Utvikle Hyllestad Utviklingspark	Kr. 500.000
P10 Felles tiltaksapparat i HAFS	Kr. 50.000
P24 Rekrutteringsstrategi for næringslivet	Kr. 200.000
P26 Reislivsutvikling	Kr. 200.000
P30 Kompetanseheving av lokalt næringsliv	Kr. 300.000
P31 Entreprenørskap	Kr. 600.000
PXX Nye prosjekt—PG1	Kr. 100.000
Sum «Meir robust næringsstruktur»	Kr. 1.950.000
P11 Omdømestrategi	Kr. 200.000
P18 Næringsvennleg kommune	Kr. 150.000
P21 Utvikle Hyllestad sentrum	Kr. 200.000
P25 Bu og trivsel i Hyllestad	Kr. 200.000
P32 Samfunnsentreprenørskap	Kr. 300.000

Sum «Attraktiv kommune»	Kr. 1.050.000
Administrasjon	Kr. 1.000.000
Sum—kostnader	Kr. 4.000.000
Hyllestad kommune	Kr. 650.000
Havyard Ship Technology	Kr. 150.000
Marine Harvest	Kr. 50.000
Sparebanken Sogn & Fjordane	Kr. 50.000
Hyllestad Næringsråd	Kr. 100.000
Sum, lokal eigendel	Kr. 1.000.000
Tilskot, Sogn & Fjordane fylkeskommune	Kr. 3.000.000
Sum, finansiering 2014	4.000.000

Fråsegn frå Innovasjon Norge «Vurdering

Hyllestad sin store utfordring er at Havyard Leirvik AS står for hovuddelen av den private sysselsetjinga. Sjølv om verftet er inne i ein god periode så er hovudutfordringa for kommunen like stor. Kommunen har for få andre bedrifter utanom hjørnesteinsbedrifta.

I 2013 vart utviklingsplanen revidert og spissa med færre programområde. Utviklingsplan for næringsarbeid 2014 – 2015 har følgjande programområde:

- *Meir robust næringsstruktur*
- *Attraktiv kommune*

Hovudmålsettinga fleire nye arbeidsplassar (40 stk), fleire nyetableringar (10 pr år), robust næringsstruktur og positiv folketalsauke, spesielt i aldersgruppa 20 – 39 år.

Handlingsplanen for 2014 gir ein god fordeling av prosjekt i dei 2 satsingsområda. Det er mange prosjekt under arbeid og kapitalbehovet er nøkternt og realistisk budsjettert.

Omstillingsorganisasjonen gjer ei særskild god jobb i høve omstillingsprogrammet. Administrasjonen har ein god og effektiv arbeidsform og har god legitimitet hos næringslivet i kommunen. Den har gode rutinar, er pådrivarar for utvikling og er profesjonelle på ekstern kommunikasjon. Styret arbeider proaktivt, har god kompetanse og samarbeider godt med administrasjonen. Næringslivet bidreg også i finansieringa av programmet. Det er gjennomført ein programstatusvurdering på slutten av året som syner forbetring på dei fleste indikatorar i høve året før.

2014 er det femte året av omstillingsprogrammet, men ein kan enno ikkje vise til positive demografiske endringar. Slike endringar tek erfaringsmessig lang tid og utgangspunktet til kommunen var dårleg. Ein kan heller ikkje vise til stor framgang i høve auke i nyetableringar og nye arbeidsplassar, men det vert arbeidd med fleire prosjekt. Vi har likevel tru på at dette skal endre seg positivt i den siste omstillingsperioden. Det skuldast godt arbeid i omstillingsorganisasjonen og betre medverknad/engasjement frå næringslivet.

Konklusjon

Med bakgrunn i desse vurderingane vil Innovasjon Norge rå til at omstillingsstatusen vert vidareført ut 2015, og at det vert løyvd midlar for 2014 som omsøkt.»

3.3. Lærdal i samarbeid med Årdal

Folketalsutvikling og sysselsetting

Både Lærdal og Årdal har nedgang i folketalet frå 3. kvartal 2011 til 3. kvartal 2013. Nedgangen skuldast hovudsakleg utflytting, og særleg i Årdal har det vore ganske stor utflytting i denne perioden. Kommunane har også hatt ein reduksjon i sysselsettinga i denne perioden, Lærdal med – 29 og Årdal med – 215. Ser vi på åra 2002 til 2012 er reduksjonen – 82 i Lærdal og – 245 i Årdal. Lærdal har auke i arbeidsløysa i andre halvår 2013 i høve til same perioden i 2012, medan Årdal har nedgang.

Søknaden frå kommunen

Lærdal kommune søker om omstillingsstatus for 2014 og 2015 og 3,5 mill kr til gjennomføring av handlingsplanen for 2014. Vidare søker kommunen om overføring av udisponerte midlar frå 2012 og 2013, om lag kr 2,7 mill kr, til tiltak i 2014.

Status i omstillingsarbeidet

Lærdal kommune har no fått på plass ein overordna utviklingsplan 2013 – 2017 (omstillingsplanen), og hausten 2013 kom dagleg leiar på plass. Omstillingsarbeidet er organisert som eit kommunalt program. Styret i Lærdal Næringsutvikling AS er også styre i omstillingorganisasjonen med tillegg av ordføraren i Årdal og observatørar frå fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Lærdal kommune (rådmannen) og Årdal Utvikling AS.

Etter ein heller treg start, er omstillingsarbeidet i Lærdal no i gang på ein svært tilfredsstillande måte. Organisasjonen arbeider proaktivt og målretta. Styret har god samansetting og har medlemmer med god kompetanse og lang erfaring. Det er eit godt samarbeid mellom administrasjonen og styret. I handlingsplanen for 2014 er det lagt opp til prosjekt som både er retta inn mot utvikling av eksisterande næringsliv og nyetableringar .

Handlingsplan 2014

Samhandling for berekraftig utvikling

PROGRAMOMRÅDE	PROGRAMOMRÅDE	PROGRAMOMRÅDE
<i>VEKST I LÆRDAL</i>	<i>LEV OG BU I LÆRDAL</i>	<i>OPPLEV LÆRDAL</i>
Mål:	Mål:	Mål: Lærdal skal tilby berekraftig

Lærdal skal vere ein attraktiv kommune å etablere ny næring. Skape minst 50 arbeidsplassar i kommunen fram til 2017.	Lærdal skal vere den føretrekte bustadkommunen i regionen. Tilflytting av minst 100 innbyggjarar fram til 2017, 30 av desse i aldersgruppa 20-40 år.	opplevingsturisme heile året. Tal betalande gjester til attraksjonar i Lærdal skal auke med 20.000 fram til 2017. Tal gjestedøgn skal auke med 30.000 fram til 2017.
Ansvarleg for gjennomføring: Omstillingsorganisasjon Lærdal Næringsutvikling	Ansvarleg for gjennomføring: Omstillingsorganisasjon Lærdal Kommune	Ansvarleg for gjennomføring: Omstillingsorganisasjon Lærdal Næringsutvikling
PROSJEKT 2014: P2: SMB utviklingsprosjekt P3: Utviklingsprosjekt Grøn Næringsklynge Lærdal. P4: Moglegheitsstudie Håbakken P10: Utvikle helsereelatert aktivitet knytt til miljø og kompetanse ved sjukehuset. P15: Statlege arbeidsplassar P17: Utvikling av kompetansemiljø innan tenesteytande næringar. P26: Utvikling av aktivitet innan tømmer og trelast knytt til Revsnes kai. P27: Næringsvenleg kommune	PROSJEKT 2014: P18/19: Kartlegge og lage presentasjonsverktøy for tomteareal og bygningsmasse for bustad og næringsformål. P20: Søke nye midlar i breibandsløftet. P21: Utvikling av felles informasjons- og kommunikasjonsplan for Lærdal. P28: Gamle Øyri	PROSJEKT 2014: P6: Utviklingsprosjekt knytt til kulturhuset/Villakssenteret. P7: Forstudie knytt til vidareutvikling av arrangement i Lærdal og Årdal. P22: Utvikling av eit koordineringsledd for lokalt reiseliv. P23: Revidere og implementere reiselivsplanen. P24: Utarbeide samhandlingsstrategi med Visit Sognefjord.

Kostnader og finansieringsplan 2014

Søklar har slikt framlegg til kostnader og finansieringsplan:

Omstilling Lærdal - budsjett handlingsplan 2014		
P2	SMB utviklingsprosjekt	400 000
P3	Utviklingsprosjekt Grøn Næringsklynge Lærdal	400 000
P4	Moglegheitsstudie Håbakken/E16	500 000

P10	Utvikle ny aktivitet knytt til miljø og kompetanse ved sjukehuset	300 000
P15	Statlege arbeidsplassar	750 000
P17	Utvikle kompetansemiljø innan tenesteytande næringar	500 000
P26	Utvikling av aktivitet innan tømmer og trelast knytt til Revsnes kai	300 000
P27	Næringsvenleg kommune	400 000
Sum "Vekst i Lærdal"		3 550 000
P18/P19	Kartlegge og lage presentasjonsverktøy for tomteareal og bygningsmasse for bustad og næringsformål.	300 000
P20	Søke nye midlar i breibandsløftet	100 000
P21	Utvikling av felles informasjons- og kommunikasjonsplan for Lærdal	200 000
P28	Gamle Øyri	200 000
Sum "Lev og bu i Lærdal"		800 000
P6	Utviklingsprosjekt knytt til kulturhuset/Villakssenteret	300 000
P7	Forstudie knytt til vidareutvikling av arrangement i Lærdal og Årdal	100 000
P22	Forstudie/Forprosjekt knytt til organisering av koordineringsledd for lokalt reiseliv	200 000
P23	Revidere og implementere reiselivsplanen	100 000
P24	Utarbeide samhandlingsstrategi med Visit Sognefjord	50 000
Sum "Opplev Lærdal"		750 000
Ikkje spesifiserte prosjekt		2 225 000
Administrasjon		1 000 000
SUM KOSTNADER		8 325 000
Udisponerte midlar Sogn og Fjordane fylkeskommune 2012 + 2013		2 700 000
Udisponert eigendel Lærdal kommune 2012 + 2013		900 000
Midlar Sogn og Fjordane fylkeskommune 2014		3 500 000
Eigendel Lærdal kommune 2014		1 225 000
SUM FINANSIERING		8 325 000

Kommentarar frå søkjar til kostnader i budsjettoppsettet:

Ikkje spesifiserte prosjekt

Budsjetterte midlar til gode prosjekt som dukkar opp i løpet av 2014, enten gjennom eigeninitierte prosjekt frå omstillingsorganisasjonen, eller som søknader frå aktørar eller einskildpersonar i **Lærdal og Årdal** til prosjekt og aktivitetar som ikkje naturleg høyrer inn under dei prioriterte prosjekta i handlingsplanen, men som på ein god måte støttar opp under dei strategiske vala og innsatsområda i utviklingsplanen.

Administrasjon

Budsjetterte midlar til generell administrasjon av omstillingsprogrammet, hovudsakleg knytt til dagleg leiar si overordna oppfølging av omstillingsarbeidet og til dei einskilde prosjekta i handlingsplanen, men også til å dekke andre personellressursar i omstillingsorganisasjonen som vil få oppgåver knytt til administrasjon og prosjektoppfølgning.

I denne budsjettposten er det også lagt inn midlar til kompetanseutvikling av omstillingsorganisasjonen, mellom anna kurs og opplæring knytt til omstillingsarbeidet.

Finansiering

Finansieringa er sett saman av omsøkte omstillingsmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og eigendel frå Lærdal kommune.

I tillegg til å søkje om nye omstillingsmidlar for 2014, søkjer Lærdal kommune også om å overføre udisponerte midlar i 2012 og 2013 til handlingsplanen for 2014. Dei udisponerte

midlane er henta frå den førebelse rekneskapan for 2012 og 2013, dokumentert i årsrapport for 2013. Summane er runda av. For detaljar vert synt til årsrapporten.

Fråsegn frå Innovasjon Norge

“Vurdering

Lærdal kommune har over ein periode den siste tida mista fleire attraktive arbeidsplassar. Opplysningen 1881 er avvikla og Lærdal sjukehus har utfordringar i forhold til strukturendringar i sjukehussektoren. Nabokommunen Årdal har også utfordringar i samband med at Dooria AS vart avvikla og stadige rasjonaliseringar i Hydro.

I Lærdal kommune har folketallet vore stabilt i dei siste 10 åra, og dette gjeld også aldersgruppa 20 -29 år som er særskild viktig. Men aldersgruppa 30 – 39 år har hatt ei markant nedgang i perioden. Folketalet i Årdal derimot har vorte monaleg redusert sidan 70-talet. Det var ein liten oppgang i 2007 – 2009, men no viser pilane nedover igjen.

Omstillingsarbeidet vert gjennomført av Lærdal Næringsutvikling AS og omstillingsstyret er valt. Ordføraren er styreformann og styret har representasjon frå Årdal (ordførar) og næringslivet i kommunen.

Det er også utarbeidd ein omstillingsplan med eit langsiktig perspektiv (2013 -2017) og årleg handlingsplan for 2014. Planane er laga i samarbeid med det lokale næringslivet og har som visjon: «Samhandling for berekraftig utvikling. Planen inneheld 4 programområde som er:

- *Vekst i Lærdal*
- *Leve og bu i Lærdal*
- *Opplev Lærdal*
- *Knutepunkt Lærdal*

Handlingsplanen for 2014 gjenspeglar omstillingsplanen sine prioriteringar og området sine utfordringar. Det er gode fleire gode prosjekt innanfor tre av programområda. Det kan likevel synest som planen er noko for ambisjos, og det må difor tilførast nok ressursar til gjennomføringa.

Omstillingsarbeidet er kome godt i gang og organisasjonen arbeider proaktivt og målretta. Styret har ein god samansetning og har medlemmer med god kompetanse og lang erfaring.

Det er eit godt samarbeid mellom administrasjon og styret. Planverk og organisasjon er no på plass og vår vurdering er at føresetnadene for å lukkast med omstillingsarbeidet er til stades.

konklusjon

Med bakgrunn i desse vurderingane vil Innovasjon Norge rå til at det vert løyvd naudsynnte midlar til omstillingsarbeidet i Lærdal.”

4. SAMLA VURDERING OG TILRÅDING

4.1. Vurdering av den enkelte kommune

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge har følgd arbeidet i omstillingskommunane tett sidan oppstarten og vil gjere dette også i 2014.

ASKVOLL

Askvoll gjekk ved årsskiftet inn i sitt fjerde omstillingsår, erfaringsmessig det mest krevjande i eit mogleg løp på 6 år.

Omstillingsprogrammet byggjer på ein utviklingsplan for åra 2013 til 2016 som har to innsatsområde:

- Robust arbeidsplassvekst
- Tilflytting

Programmet har som mål å skape 30 nye arbeidsplassar, tilflytting av 60 personar, stabilisere folketalet på over 3000 og auke innbyggartalet med personar i «produktiv» alder. Måltala er periodiserte for heile omstillingsperioden. Effekten av omstillingsarbeidet begynner erfaringsmessig først å vise seg fjerde året, som for dette programmet er 2014.

Den eksterne programstatusvurderinga frå november 2013 viser at omstillingsarbeidet i Askvoll er i godt gjenge. Det er forbetringar på både prosess- og resultatindikatorane i høve til året før. Omstillingsorganisasjonen er styrka med ein person.

Kommunen kan vise til gode resultat når det gjeld tilflytting og stabilisering av folketalet på over 3000. Målet om auka tal arbeidsplassar og fleire innbyggjarar i «produktiv» alder har ein lengre veg å gå. Dette kan likevel vere realistiske mål i løpet av omstillingsperioden om rett innsats og ressursar vert sett inn i programmet dei siste åra av omstillingsperioden.

Konklusjon og tilråding Askvoll

Administrasjonen arbeider planmessig og proaktivt. Oppgåver og mål er konkretiserte. Omstillingsprogrammet har god framdrift sjølv om nokre oppgåver er skyvd ut i tid. I det vidare omstillingsløpet bør næringslivet i kommunen engasjere seg sterkare i omstillingsprosessane.

Fylkesdirektøren rår til at Askvoll kommune får omstillingsmidlar til gjennomføring av handlingsplanen 2014.

HYLLESTAD

Den eksterne programstatusvurderinga frå november 2013 viser at omstillingsarbeidet i Hyllestad er i svært godt gjenge. Det er forbetringar i dei fleste indikatorar i høve til året før.

Administrasjonen har ei god og effektiv arbeidsform og har god legitimitet hos næringslivet i kommunen. Den har gode rutinar, er pådrivarar i utviklingsarbeidet og er profesjonell på ekstern kommunikasjon. Når det gjeld informasjonsarbeidet og måten dette vert gjort på, er omstillingsorganisasjonen i Hyllestad den fremste av omstillingsområda i landet.

Styret arbeider proaktivt, har god kompetanse og samarbeider godt med administrasjonen. Næringslivet bidreg også i finansieringa av programmet.

2014 er det femte året av omstillingsprogrammet, men det kan enno ikkje visast til positive demografiske endringar. Slike endringar tek erfaringsmessig lang tid, og utgangspunktet til kommunen var dårleg. Ein kan heller ikkje vise til stor framgang i høve auke i nyetableringar og nye arbeidsplassar, men det vert arbeidd med fleire prosjekt som kan resultere i fleire nye arbeidsplassar, mellom anna på området til Hyllestad Utviklingspark. Av nyetableringar i 2013 er Multivolt AS med sine 7 tilsette eit verdfullt arbeidsplassstilskot for kommunen.

Konklusjon og tilråding Hyllestad

Hyllestad si store utfordring er at Havyard Ship Technology står for hovuddelen av den private sysselsetjinga. Sjølv om verftet er inne i ein god periode, er hovudutfordringa for kommunen like stor. Kommunen har for få andre bedrifter utanom hjørnesteinsbedrifta.

Fylkesdirektøren har tru på at talet på nyetableringar skal kunne auke i løpet av dei siste åra av omstillingsperioden og i tida etter, grunna godt arbeid i omstillingsorganisasjonen, god medverknad og engasjement frå næringslivet.

Fylkesdirektøren rår til at Hyllestad kommune får omstillingsmidlar til gjennomføring av handlingsplanen 2014.

LÆRDAL

Lærdal var ved utgangen av 2013 ferdig med sine første to omstillingsår. Kommunen søker no om forlenga omstillingsstatus for åra 2014 og 2015 og 3,5 mill kr til gjennomføring av handlingsplanen 2014. Vidare blir det søkt om å få overføre unytta midlar frå 2012- og 2013-løyvingane til bruk i 2014. Etter ein heller treg start er omstillingsarbeidet no kome godt i gang. Dagleg leiar vart tilsett hausten 2013, og organisasjonen arbeider no proaktivt og målretta. Styret har god samansetting, og har medlemmer med god kompetanse og lang erfaring. Det er eit godt samarbeid mellom administrasjonen og styret. Det er utarbeidd ein omstillingsplan med eit langsiktig perspektiv (2013 -2017) og handlingsplan for 2014. Planane er laga i samarbeid med det lokale næringslivet og har som visjon: «Samhandling for berekraftig utvikling».

Konklusjon og tilråding Lærdal/Årdal

Planverk og organisasjon er no på plass, og føresetnadene for å lukkast med omstillingsarbeidet er til stades. Handlingsplanen for 2014 kan synast noko optimistisk i høve til tal prosjekt ein kan forvente å starte opp og gjennomføre i 2014, sjølv med den planlagde auken i ressursar internt i omstillingsorganisasjonen og eksternt ved kjøp av tenester. Også dei estimerte kostnadene i enkelte prosjekt synest å vere noko høge. Samtidig har Lærdal med storbrannen i januar , fått ytterlegare utfordringar også i høve næringsutviklinga i kommunen, som gjer at prosjektportefølgjen kan bli endra og nye prosjekt komme til. Fylkesdirektøren rår derfor til at Lærdal får tildelt omstillingsmidlar i storleik om lag som omsøkt.

4.2. Framlegg omstillingsstatus

Fylkesdirektøren rår til at Hyllestad og Lærdal får forlenga omstillingsstatus for åra 2014 og 2015.

4.3. Framlegg til løyving i 2014:

Fylkeskommunen har 8,797 mill kr til fordeling til omstillingsføremaal i 2014.

Fylkesdirektøren tilrår i denne saka følgjande tildeling:

Askvoll	kr 2 350 000
Hyllestad	kr 3 000 000
Lærdal	kr 3 440 000
Sum	kr 8 790 000
Rest	7 000

Midlane vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar 2014 (7,0 57 mill kr) og restmidlar omstilling 2013 (1,740 mill kr).

5. SØKNAD FRÅ ÅRDAL OM TILSKOT TIL PROSJEKTET «FRAMTIDIGE STABILE OG ROBUSTE ARBEIDSPASSAR I ÅRDAL» FASE 2

Omtale

Årdal kommune har sendt eigen søknad om 1 mill kr til gjennomføring av fase 2 i eit bedriftsutviklings- og bedriftsetableringsprosjekt med ein total kostnad på 1 250 000 kr. Det har vore kommunisert at prosjekt som Årdal ynskjer å få finansiert via omstillingsløyvinga, må gå via omstillingssamarbeidet Lærdal/Årdal.

Den 27.11.2012, sak 67/12 gjorde HPN slikt vedtak:

«

1. Årdal kommune får avslag på søknaden om tilskot til arbeidet med å skaffe interessentar til dei ledige lokala i SIVAFjorden Eiendom AS.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å vurdere finansiell medverknad i andre omstillingsprosjekt som stettar krava til finansiering gjennom midlar avsett til regionale utviklingstiltak, fortrinnsvis gjennom det etablerte omstillingsprosjektet Lærdal- Årdal.
3. Hovudutval for plan og næring gir ei løyving på inntil kr 1 000 000 til omstillingsarbeid i Årdal. Administrasjonen får fullmakt til å disponere løyvinga til oppstart av eit prosjekt i nært samråd med Årdal Utvikling AS. Prosjektet skal vere i tråd med gjeldande retningslinjer for omstillingsarbeid og formell mottakar er omstillingsstyret for Lærdal/Årdal. Hovudutvalet føreset at status for prosjektet vert rapportert i neste møte i hovudutval for plan og næring.

Løyvinga vert henta frå midlar budsjettert til omstillingstiltak i 2012.»

Etter at fylkesdirektøren den 11. mars fekk framlagt ny prosjektplan for bedriftsutviklingsprogrammet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal», vart tilsegnen på 1 mill kr frå Sogn og Fjordane fylkeskommune effektuert ved tilsegnsbrev. Formell mottakar av tilskotet var omstillingsstyret i Lærdal/Årdal.

Grunnen til denne tildelinga på sida av den ordinære omstillingssaka, var at omstillingsarbeidet i Lærdal på søknadstidspunktet (30.10.12) ikkje var operativt, og at Årdal hadde behov for å komme raskt i gang med prosjektet.

Vurdering

I omstillingsprogrammet i Lærdal/Årdal er det heile 2,7 mill kr i udisponerte midlar frå tidlegare års tildelingar frå fylkeskommunen. I budsjettet for 2014 er det sett av 2,25 mill kr til ikkje spesifiserte prosjekt/søkbare midlar til prosjekt i Lærdal og Årdal (sjå budsjett 2014 omstilling Lærdal med merknader). Søknaden frå Årdal kommune bør oversendast omstillingsstyret i Lærdal for handsaming der. Kostnadene i prosjektet synest noko høge i høve til samanliknbare prosjekt som vert gjennomført i omstillingsområda. Fase 1 i prosjektet må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2.

Prosjekt retta mot utvikling av eksisterande bedrifter og prosjekt som medverkar til eit godt fundament for etablering av nye bedrifter, er ei prioritert oppgåve i omstillingsområda. Lærdal er i startfasen med eit program for små og mellomstore bedrifter. Det er viktig at prosjekt som dette vert handsama i og koordinert gjennom omstillingsstyret. Det vil også vere ein styrke for samarbeidet mellom dei to kommunane.

Konklusjon og tilråding

Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innafor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2.